

PRIORITERINGAR VALPERIODEN 2015 - 2019

Valprogrammet til MDG legg vekt på miljøvenleg utvikling av viktige arbeidsområde i Stryn sin kommuneplan.

SUNN FOLKEHELSE I GODE LEVEKÅR

God helsekunnskap med konkret handlingsplan for folkehelsearbeid. Fysisk aktivitet og sunn ernæring som førebyggjande arbeid.

Aktiv læring og leik i barnehagen som grunnlag for sunn oppvekst. Skule med praksisretta opplæring i miljøbevisst læringsmiljø.

Kompetent helse- og sosialomsorg med aktivitet og sunn kost. Grøn terapi som reduserer medikamentbruk og aukar livskvalitet.

VERDSETJING AV NATUR OG KULTUR

Økologisk berekraftig forvaltning av kulturlandskapet

Redusere gjengroing og ivareta kulturhistoriske verdiar i landskapet.

Styrke biologisk mangfald ved å redusere unødvendige inngrep. Ivareta biomangfaldet som avgjerande livsgrunnlag.

Jordvern baserast på styrka kunnskap om landbruket sitt potensial. Nedbygging av dyrka jord skal reduserast til eit minimum.

TENLEG SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

Miljøvennleg utvikling av Stryn som trafikalt knutepunkt.

Kai- og terminalanlegg for sjøtransport med ny og rein skipsteknologi.

Miljøforsvarlege innspel til nasjonal og regional transportplan.

Ny teknologi som erstattar fossilt brensel i samferdsle.

Kvalitetssikring av vassforsyning, avløpsordning og avfallshandtering.

Stryn sentrum som meir miljøvennleg lokalmiljø, handelsstad og profilert reisemål.

VERDISKAPING MED ØKOLOGISK BALANSE

Økologisk næringsstrategi basert på erfaring og potensial.

Kompetent nyskaping for omstilling til grøn næringsprofil.

Gründerstimulering for variert næringsliv med styrka økologikunnskap.

Godt nytta naturressursar i ekstensivt landbruk.

Gjenreise verdien av kulturlandskapet frå fjord til fjell.

Kunnskapsbasert produktutvikling av lokale naturressursar.

Styrka tilrettelegging for lokalt opplevings- og aktivitetsreiseliv.

Lokale kultur- og naturkvalitetar med helse- og miljøprofil.

Aktivitet for Stryn som attraktivt reisemål heile året.

KLIMAKVALITET MED REIN ENERGI

Dokumentasjon og analyse av klima- og miljøendringar.

Kommunal klimaplan med prioriterte utfordringar og tidfesta tiltak.

Styrka kunnskap om ny klimavennleg teknologi og fornybar energi.

Redusert energiforbruk, på linje med annan forbruksreduksjon.

Effektiv energibruk som gjennomgåande hovudsak i all planlegging.

Menneskeskapte klimaendringar skjer med aukande fart og omfang.

Endringane påverkar heile samfunnet med konsekvensar for oss alle.

Samordna innsats trengst for å makte nødvendige løysingar i tide – dvs. straks.

MDG sine lokalpolitiske prioriteringar er nær kopla til partiet sin nasjonale profil og til MDG sitt fylkesprogram.

To nasjonalt overordna mål for MDG er

Fornybar framtid: Vi vil ha ein lykkeleg slutt på det norske oljeeventyret og starte omstillinga til ein berekraftig og fornybar økonomi no.

Livskvalitet: Vi vil ha meir kvalitet til kvarandre framfor større jag etter meiningslaust forbruk

Fylkespolitisk har MDG målretta politikk for

Førebyggjande folkehelse

Vidaregåande opplæring

Eit framtidretta næringsliv

Samferdsle for framtida

Landbruk som framtidsnæring i Sogn og Fjordane

Samanheng mellom lokal, regional og nasjonal MDG-politikk trengst for å nå mål om eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse.

STØTT LIVSKVALITET I EI FORNYBAR FRAMTID
RØYST MDG

Kontakt

stryn@mdg.no

Tor Åge Berglid: 95250112

Hans Magnus Nedreberg: 91738495

**miljøpartiet
dei grøne**

stryn

MILJØPARTIET DEI GRØNE STRYN KOMMUNEVAL 2015

Målet for MDG er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vere underordna sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

MDG STRYN PRIORITERER 2015 - 2019

Sunn folkehelse i gode levekår

Verdsetjing av natur og kultur

Tenleg samferdsel og infrastruktur

Verdiskaping med økologisk berekraft

Kilmakvalitet med rein energi